

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 12.09.2011
Sakhandsamar: **Synnøve Serigstad**
Saka gjeld: **2. tertial rapportering på krav i protokoll frå føretaksmøte og krav i oppdragsdokument 2011**

Arkivsak

2009/197/

Styresak 104/11 B

Styremøte 05.10. 2011

Forslag til vedtak

Styret tar saka til orientering

Oppsummering

Helse Vest RHF har med innspel frå føretaka utarbeidd ein tertialvis rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og føretaksprotokollen. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift. Krav stilte i tilleggskumenta til styringsdokumenta (vedtekne av styret i Helse Vest RHF i styremøtet den 7.9.11) vil bli rapportert i årleg melding.

Fakta

Helse Vest RHF får sitt oppdrag av Helse- og omsorgsdepartementet i eit årleg oppdragsdokument. I oppdragsdokumentet vert dei midla som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for inneverande år stilte til disposisjon. Gjennom dokumentet får Helse Vest RHF i oppdrag å utføre pålagde oppgåver og å realisere styringskrava som er gitt innanfor mål, rammer og ressursar som vert stilte til disposisjon. I tillegg til oppdragsdokumentet blir det kvart år i januar gjennomført eit føretaksmøte jf. Lov om helseføretak, der Helse- og omsorgsdepartementet slår fast styrings- og prestasjonskrav på økonomi og organisasjonsområdet. Føretaksprotokollen gir såleis presiseringar på ytterlegare styringsbodskap i tillegg til det som er omtala i oppdragsdokumentet.

Styret har bedt om å få tertialvis tilbakemelding på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen

Kommentarar

Administrerande direktør legg med denne saka fram ei oversikt som viser status på krava i oppdragsdokumentet og føretaksprotokollen. Oversikta er framstilt på same måte som ved 1. tertial. Status blir vist med fargekodar og prosentvis framdrift på følgjande måte:

Raud: Ikkje påbegynt, ikkje gjort/oppnådd. Ein kan oppnå raudt dersom ein ikkje startar tidnok til å få levert.

Svart: I prosess. Prosentvis levering vert oppgitt med tal.

Grøn: Kravet er oppfylt. Når krava gjeld kontinuerlege prosessar får desse grøn vurdering når drifta er à jour.

Vedlegg:
Matrise for 2. tertial 2011